

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	1/2014
Tid:	Fredag 14. februar kl. 09:00 – 13:30
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, , Nils Marton Aadland, Hallvard Oppedal, Knut Moe, Per Lerøy, Karstein Totland, Kristin Handeland, May Eva Sandvik, Kari Aakre (sak 1-5/14)
Rådmenn:	Jarle Landås, Reidun Halland (sak 4-10), Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Hogne Haugsdal
NUI:	Rune Heradstveit, Kari Evensen Natland (sak 3/14), Anne Hildegunn Færøy (sak 9/14)
Andre:	Pål Kårbø og Helge Hopen (sak 3/14), Tone Hartveit (sak 4/14), Jostein Hellestveit og Knut Geelmuyden (sak 5/14), Leidulv Brunborg (sak 9/14)
Forfall:	Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen

Sak 1/14	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/14	Godkjenning, møteprotokoll møte 9/2013 Møteprotokollen frå møte 9/2013 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/14	<p>Status Nordhordlandspakken AS – oppdatering før Nordhordlandstinget (vedlegg)</p> <p>Jon Askeland innleia med at Nordhordlandspakken bør forankrast i dag – det er tid for alt, og no må regionen bestemma seg. Han viste vidare til eit møte der sentrale personar som jobbar med pakken hadde med statssekretær Bård Hoksrud og samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen sist veke. Det var god dialog og positive signal, og det vart peika på at ein prosjekta er særst viktige og at staten bør ta ein større del av kostnadane.</p> <p>Pål Kårbø fortalte at dei har jobba mykje med prosess og innhaldet i pakken i lengre tid, og at Nyborgtunnelen ikkje er tema no i fase 1, men at ein jobbar kontinuerleg også med denne. Ein har eit ynskje om å nå fylkestinget i juni, noko som betyr at samferdslepakken (søknaden) bør handsamast i kommunestyra i april. Innhaldet i pakken er no i hovudsak klar, så slik sett bør kommunane kunne få det dei treng for vidare handsaming og førebuing administrativt.</p> <p>Helge Hopen orienterte så om siste oppdatering av pakken – sjå presentasjon. Han peika på at det har vore ein open prosess. Dokumentet ligg no formelt hos vegvesenet og skal til handsaming i Vegdirektoratet. Han gjorde greie for dei endringane som har vorte gjort i pakken, ikkje minst med at Knarviktunnelen er teke ut av pakken i denne omgang. Dette bl.a. grunna den store auken i pris på tunnelen, at fylkeskommunen bidrar mykje mindre enn det ein fyrst la til grunn, og den store motstanden prosjektet møtte i kommunestyret i Lindås før jul. Ein har no kutta to bommar, prisen er gått ned til ca. kr. 13,- pr. passering og maks 50 passeringar i månaden.</p>

	<p>Per Lerøy fekk fyrst ordet og han sa han er ein varm tilhengar av samferdsleprosjektet, dette treng regionen for ikkje å bli akterutsegla. Han beklaga imidlertid sterkt at Knarviktunnelen er teke ut av prosjektet, og meinte at næringslivet ikkje har skjøna dette. Han viste til den store aktivitetsauken som er planlagt i Mongstadorrådet i tida framover. Han bad derfor om at Knarviktunnelen er med tidleg i den vidare prosessen. Per Lerøy ville uavhengig av dette, rosa den jobben som er gjort med å finna nye løysingar for å få pakken gjennom.</p> <p>Jon Askeland viste til at det er teke opp med Bård Hoksrud at FV57 har alle kriterier for å vera riksveg, og at dei hadde bedt om at dette vart vurdert på ny.</p> <p>Pål Kårbø viste til at Nordhordland kjem dårleg ut når det gjeld midlar til fylkesvegane i fylket. Hogne Haugsdal peika på at det er viktig at fylkeskommunen, samferdsleavdelinga, er i dialog med planavdelinga i Lindås kommune når det gjeld skysstasjonen.</p> <p>Fleire av ordførarane peika på at no tida inne, det er tid for alt – no må me gå for forslaget slik at me ikkje risikerer at arbeidet strandar og me vert sett fleire år tilbake.</p> <p>Karstein Totland bad om at ordførarane no sa tydeleg i frå i møtet dersom dei hadde innvendingar mot pakken slik føreslaget er no. Det var det ikkje, og alle var enig om at ein no må gå for prosjektet.</p> <p>Det vert ei brei orientering om samferdsleprosjektet i Nordhordlandstinget fyrstkommande tysdag 18. februar.</p>
<p>Sak 4/14</p>	<p>Orientering om omdømmeprojektet i Region Nordhordland (vedlegg)</p> <p>Jon Askeland orienterte kort om bakgrunnen for prosjektet, og Rune Heradstveit fylgde opp med å visa til at marknadsføring av regionen er eit av tiltaka NUI skal jobba med.</p> <p>Tone Hartveit frå Business Region Bergen (BRB) orienterte så om arbeidet og status for det. Vedtektene til BRB seier at dei skal jobbe med profilering av Bergensregionen. Kommunane betalar ein kontingent for å vera med i BRB, og etter at det kom initiativ frå NHIL og NUI var det både naturleg og ynskjeleg at BRB vart med på dette.</p> <p>Formålet er å bygga eit godt og positivt omdømme for Nordhordland, og å få på plass eit system og eit forslag til korleis regionen kan jobbe med omdømme og profilering – som ein del av Bergensregionen. Effekten på lang sikt er at fleire ønskjer å jobba, bu og besøka regionen. Ein ynskjer å finna ut kva som er attraktivt og unikt i regionen, og som det kan skapast gode historier rundt. Vidare at Region Nordhordland finn sin plass i Region Bergensprofilen.</p> <p>Prosjektet er meint å gå i 2014, og er organisert med arbeidsgruppe som består av Jon Askeland, Rune Heradstveit, Kari Natland Evensen, Helge Dyrkolbotn, Silje Andvik Hoaas, Toby Sander Tomassen og Tone Hartvedt, ei brei referansegruppe som ein jobbar med å setja saman no. Det er viktig at dette vert forankra godt nok i Regionrådet, og nokon frå rådet vil også inngå i referansegruppa. Det er viktig at heile regionen dreg i same retning og at ein tør å velja vekk og satse på noko. Arbeidsgruppa tek svært gjerne i mot innspel i frå Regionrådet. Det vert planlagt workshop i midten av mars.</p>
<p>Sak 5/14</p>	<p>Ny museumsorganisasjon i Nordhordland</p> <p>Arbeidsgruppe i Lindås kommune, Jostein Hellestveit og Knut Geelmuyden orienterte om arbeidet som er gjort. Lindås kommune sette i 2012 ned ei arbeidsgruppe for å sjå på moglege løysingar for magasin og utstilling i kommunen. Utgangspunktet for arbeidet var eit verbalpunkt i samband med Lindås kommune sitt budsjett, som slo fast at det var trong for ein museumsorganisasjon som kunne stå for bevaring og utstilling av kommunen og sogelaget sine samlingar.</p> <p>Arbeidet starta ut frå lokale behov men heile tida med tanke på å utvikle ein organisasjon som også kunne vere tenleg for alle kommunane / fleire kommunar i Nordhordland. Signal frå Museumssenteret i Hordaland (MUHO) og Hordaland fylkeskommune til arbeidsgruppa,</p>

	<p>peikte også på dette som heilt sentralt, både for at saka skulle vera interessant og ta vidare, men også som sær viktig for å få sentrale midlar inn i arbeidet. Arbeidsgruppa ser for seg å få ein paraplyorganisasjon som byggjer på, og arbeidar samlande for, dei eksisterande frivillige lag. Ein slik organisasjon må vere ein konsolidert eining innunder Museumssenteret i Salhus.</p> <p>I organisasjonen skal det arbeidast fagleg med spørsmåla kring bevaring, magasinering og utstilling – alt med utgangspunkt i dokumentasjon av strilekulturen og kva som kjenneteiknar regionen. Vidare tenker ein at den nye organisasjonen må ha eit samarbeidsutval med representantar frå dei ulike kommunar. Arbeidsgruppa ønskjer at dette skal bli eit interkommunalt prosjekt. Det vil derfor vera viktig å få på plass ein organisasjon som kan ta dei faglege utgreiingane i høve til behov. Ein må unngå at dette vert ein debatt om lokalisering og økonomi i første fase.</p> <p>Fleire tok ordet og peika på at dette er eit viktig arbeid, men at ein må skilja mellom museum og magasin. Før ein går i gong med nye prosjekt må ein og fullføra dei prosjekta ein allereie jobbar med. Det er viktig at regionen samlar seg rundt eit prosjekt, og at dette blir forankra i den regionale kulturplanen som er under arbeid. Ein ynskjer no å skapa ein organisasjon som jobbar med desse tinga, og som kan knytta fagfolk til arbeidet, og at det vert jobba tett og i dialog med MUHO.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet fylgde innstillinga frå arbeidsgruppa og vedtok at Kulturutvalet / NUI kallar inn til ei brei samling for tilsette i kommunane, frivillige og MUHO for å løfte saka fram, og at det vert sett ned ei regional arbeidsgruppe for å føre arbeidet vidare. ✚ Regionrådet oppmodar om at kvar enkelt kommune uttalar seg til Regional kulturplan for Hordaland når den kjem på høyring.
<p>Sak 6/14</p>	<p>Kommunestruktur 2015</p> <p>Jon Askeland innleia og viste til dei mange prosessar som no er på gong rundt i landet. Han viste også til positivt møte som han, May Eva Sandvik, Karstein Totland og Knut Moe hadde med kommunalministeren i eit møte i Bergen for nokre veker sidan.</p> <p>Rune Heradstveit gjekk så gjennom saksframlegget. Det var stor einigheit om å setja ned ei strategisk gruppe som skal jobba tett med det vidare arbeidet med kommunestruktur.</p> <p>Knut Moe tok til ordet for å invitera statssekretær Jardar Jensen til eit møte.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet vedtok å setja ned ei strategisk prosjektgruppe som på vegne av dei kommunar som vil vera med på vidare utgreiing, skal jobba med organisering, innhald, og innretting av det vidare prosjektet. Grappa skal jobba tett med NUI som er prosjektkoordinator for kommunestrukturarbeidet. Grappa består av regionrådsleiar Jon Askeland (leiar), Nils Marton Aadland, Knut Moe, Hallvard Oppedal, May Eva Sandvik / Astrid Aarhus Byrknes og NUI.
<p>Sak 7/14</p>	<p>Status frå utvala</p> <p>Ikkje noko nytt utover det som kjem fram gjennom andre sakspunkt.</p>
<p>Sak 8/14</p>	<p>Status prosjekt NUI</p> <p>Biosfæreprosjektet</p> <p>Rune Heradstveit gav kort status for prosjektet. Det er gjennomført strategisamling med styringsgruppa, og det er laga handlingsplan for arbeidet fram til første søknad vert sendt. Kommunikasjonsplan er utarbeida. Hovudaktiviteten i denne fasen av arbeidet er skiving av sjølve søknaden, og dette er ein godt i gong med. I neste Regionrådsmøte vil arbeidsgruppa informera om arbeidet og status for prosjektet.</p>

	<p>Interkommunal nærings- og samfunnsplan (vedlegg) Rune Heradstveit orienterte om status for prosjektet (sjå presentasjon), og viste til tidlegare vedtak i Regionrådet om å gå i gong med denne planen. Arbeidsgruppa er godt i gong med arbeidet, og det har vore eit møte i styringsgruppa. Ein har valt å ha to ulike planprosessar i arbeidet.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Utarbeida ein felles interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland. 2. Utarbeida ein plan for berekraftig næringsareal i regionen <p>Ein har fått inn tilbod på fyrste planprosess, men prisen er for høg i forhold til budsjett. Tilbodet er derfor sendt i retur til to av tilbydarane med ei ramme og ein har bedt dei levera revidert tilbod i forhold til ramma.</p> <p>Framdriftsplanen for arbeidet med nærings- og samfunnsplan seier at prosjektet skal vera ferdig til nyttår, medan arbeidet med næringsarealplanen skal vera ferdig sommaren 2015.</p> <p>Brannberedskap Etter status om biosfæreprosjektet viste Rune Heradstveit til brannane i Trøndelag og til problema med gjengroing både i kystlandskapet, men og som eit generelt problem elles i kommunane, og at dette bør kommunane ta på alvor gjennom både ROS-analyser, beredskapsplanar, men og som konkret gjennom tiltak som t.d. sviing. Han viste bl.a. til intervju med Mons Kvamme på NRK eit par dagar tidlegare, og til at dette har Peter Emil Kaland teke opp.</p> <p>Det viste seg då at Per Lerøy og Austrheim kommune allereie har teke opp med fylkesmannen kva førebyggjande tiltak ein kan og bør gjennomføra, og at dei no er i dialog med fylkesmannen om finansiering for å organisera dette arbeidet. Fylkesmannen har oppmoda kommunane i Nordhordland om å gjera dette arbeidet i samarbeid.</p> <p>Dei store brannane i Lærdal og Trøndelag den seinare tida, kunne også skjedd i Nordhordland. Det vart i møtet peika på nokre tiltak som er aktuelle å vurdere nærare</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Definera ekstra brannutsette område med stor fare for liv og helse ved evt. brann ▪ Hogging av skogsbelte for å ha branngater. ▪ Busk og krattrydding, og evt organisert sviing for å hindra overgroing. ▪ Kommunane må sjå om dei traseane Statoil og BKK no kjem til å opparbeida i landskapet i Lindås, Radøy, Austrheim, Masfjorden og Gulen, kan nyttast som branngater. Det har alt vore samtalar om dette med Statoil og dei er i utgangspunktet positiv. ▪ Nordhordland er altså blitt eit skogkledd område, og i denne samanhengen er det særleg barskog og krattutvikling som er utfordringa. <p>Det vert eit førebuande møte om saka i Austrheim den 3. mars der kommunane Austrheim, Fedje og Radøy deltek. Dette grunna felles landbrukskontor og felles brannsjef i Austrheim og Radøy, men at ein i ein søknad om skjønsmidlar vil sjå heile regionen under eitt.</p>
<p>Sak 9/14</p>	<p>Folkehelse i Nordhordland – planlegging og organisering (vedlegg) Prosjektleder Leidulv Brunborg presenterte arbeidet med interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid i Region Nordhordland. Etter mandat frå Regionrådet har ei tverrfagleg arbeidsgruppe, med deltakarar frå alle kommunane, arbeidd fram ei vurdering. Prinsipp om fokus på kunnskapsbasert og tverrfagleg arbeid er lagt til grunn for arbeidet.</p> <p>Gruppa har peika på interkommunalt samarbeid som er tenleg for kommunane:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Oversikt over utfordringsbilete på tvers av kommunar ▪ Utvikling og deling av kompetanse ▪ La seg inspirera av naboer

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Koordinera og vidareutvikla nettverk relevant for folkehelsearbeid ▪ Saman kan me klara oppgåver me ikkje maktar åleine ▪ Nytt og vidareutvikla kartleggings- og kvalitetssystemet La linea i kommunane og i eit interkommunalt samarbeids perspektiv. <p>Gruppa føreslå at ein får til eit samarbeid der ein vurderer partnerskap mellom Hordaland fylkeskommune og Region Nordhordland, og at ein får ein regional koordinator for folkehelse i samarbeid med tverrfagleg ressursgruppe. Det vart peika på at det er viktig med forankring i kvar enkelt kommune. Rådmennene har saka i øyeblikket på administrativ høyring.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Regionrådet er positiv til vurderingar og tilrådingar som er presentert i «Rapport om interkommunalt samarbeid om folkehelse», og sluttar seg til at den vert lagt ved som ein del av vurderingsgrunnlaget til «Interkommunal plan for samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og at framlegg til tiltak vert implementert i denne planen.</p>
<p>Sak 10/14</p>	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Kompetanseutvalet.</p> <p>Per Lerøy tok opp prosjektet algepilot og manglande finansiering av denne. Det verkar som det er komplett umogeleg å få til ei finansiering frå staten til prosjektet. Staten (departement) viser til verkemiddelapparatet, men verkemiddelapparatet er ikkje innretta til denne type prosjekt, og verkar som det er støypt i betong. Oppdrettsnæringa viser til at dette er grunnforskning og staten si oppgave. Spørsmålet no er kva gjer me? Det er viktig at Regionrådet engasjerer seg. Regionrådet konkluderte med at me skal invitera TCM til ei møte for å diskutera saka.</p> <p>Regionen som kompetanseregion og behov og innretting framover vart diskutert. Det er svært viktig at både kommunane og regionen er opptekne av kompetanseutvikling m.v., og det var einigheit om at dette må setjast meir på dagsorden.</p> <p>Me bør jobba med å få på plass ein samarbeidsavtale med HIB, og det er t.d. viktig å ha rutinar og opplegg for t.d. deltaking på messer som YOU-messa og jobbmessa i regionen.</p> <p>Regionrådet ber NUI om å koma med ei saksframstilling vedr. å oppretta eit kompetanseutval under Regionrådet.</p>

Knarvik, 18. februar 2014



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 3/14: Presentasjon av Nordhordlandspakken
- Sak 4/14: Omdømmeprojektet
- Sak 8/14: Presentasjon av regional planprosess
- Sak 9/14: Rapport - Vurdering av interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid i Nordhordland
- Sak 9/14: Folkehelse rapport primo februar 2014